


Fagre Styn, mars'15

Hei!

Vil med dette få sei tusen hjartans takk for kunstnarstipendet eg fikk fra Fylkeskommunen i fjor. Det var med på å gjøre det mogleg å gje ut denne plata.

Ynskjer dykk alle hjartans velkomme på våre komande konserter i Flora, Sogn og Odedalen, og spesielt også på Fordfestivalen no til sommaren. Trakkspel til faket!

Alt godt,



Kritikarrost trekkspelpoesi og gladmelankoli



"Ei spesielt god plate, poetisk og gjennomtenkt. Med stort teknisk register, fine klangar og dynamikk som får musikken til å bølgje framover" Kjetil Bjørgan, NRK P2

"Linda Gytri Trio skaper vakre og nære melodier" Olav Gorseth, Bergens Tidende

"Tidløs og moderne, med komposisjoner av ypperste klasse. Linda Gytri Trio evner å fortelle noe som bare hjertet forstår" Sindre Bremnes, Bladet Folkemusikk

Linda Gytri Trio er ute med si første plate *Audire*, og har hausta glitrande kritikkar allereie. Bergens Tidende har gjeve plata fem av seks moglege hjerter, og redaktør Audun Stokke Hole i Bladet Folkemusikk omtaler *Audire* som "sjangerfritt strynespel".

Tittelen på plata kjem frå latin, og betyr å lytte. «Det er så viktig å stoppe opp, trekke pusten og lytte» skriv Gytri i coveret. "Lytte innover, forbi tankar og firkanta boksar, til di eiga stemme, din eigen tone – til ditt eige hjarte. Først då kan du velje din eigen veg".

Gytri si første plate *Umbra*(2012) hausta strålande kritikkar og vart nominert til Folkelarmprisen. Debutplata bestod av solo trekkspellåtar og små tekstar til kvar einskilde låt. Også på *Audire* har Gytri skrive forteljingar til musikken, saman med Oddleiv Apneseth sine flotte foto. "Målet har vore å få til ein samklang mellom musikk, tekstar og det visuelle. Ein kan kanskje kalle det ein slags trekkspel-poesi" fortel Gytri.

Lyttande samspel

Medmusikarane på plata er den finske pianolegenda Timo Alakotila (JPP, Maria Kalaniemi Ensemble) og superbassisten Anders Bitustøyl (Sigrid Moldestad Band, Morten Abel Band). «Dei krydrar og

fargelegg musikken, og det oppstår noko nytt og eige i samspelet der og då. Låtane har blitt ei blanding av planlagd struktur og plutselege innfall, og vi har lytta oss fram til vår felles tone”.

Musikarane har solid forankring i ulike sjangrar kvar for seg – nordisk folkemusikk, pop, reggae og finsk tango! Saman møtest dei i Gytri sine folkemusikalske nye låtar. Leikande, drøymande og med intens musikalsk kraft fortel musikken deira blant anna om ei smilande Svarvesol, ein Tuk Tuk i indisk kaostrafikk og det vakre ved å ligge under ein vestlandsk Apal og berre kvile.

Gytri er tildelt Statens Kunstnarstipend over to år, og *Audire* er hennar hovudsatsing denne våren. Dette er hennar andre plate utgjeven av Lærdal Musikkproduksjon, Irene Tillung frå Voss er produsent og det er her duka for trekkpelpoesi og norskfinsk gladmelankoli av beste sort.

PLATESLEPPTURNÈ Linda Gytri Trio – AUDIRE

2. mars - Columbi Egg, Bergen

3. mars - Tre Brør, Voss

5. mars - Riksscenen, Oslo

25. mars – Blomsterhagen, Florø

26. mars – Blaaboksen, Sogndal

27. mars – Oldedalen Grendahus

Musikarane på plata:

Linda Gytri – trekkspel og komponist – 90 99 99 84

Timo Alakotila (Finland) – piano - +358 50 5116112

Anders Bitustøy – kontrabass – 913 02 366

Vi stiller gjerne opp for ein prat om musikken vår, de er hjarteleg velkomne til våre konsertar, og plata kan tingast direkte.

For intervju, bilder, gjesteliste eller booking:

Linda Gytri

tlf: 90 99 99 84

lindagytri@hotmail.com

www.lindagytri.com

www.facebook.com/lindagytritrio